



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Magnus Johan Steinsvåg, 55572325

Svar - Vurdering av elvemusling - Meland - 22/85 mfl - Mjåtveitmarka - bustadføremål - detaljregulering

Vi viser til oversending den 02.11.2021, med spørsmål om reguleringsplan for Mjåtveitmarka etter oppdatert planforslag kan takast opp til 2. gongs handsaming og vedtak. Det er i oversendinga mellom anna lagt ved VA-rammeplan, notat om avrenning til vassdrag, føresegn og plankart.

Fylkesmannen, no Statsforvaltaren, hadde merknader til handtering av mogleg avrenning til Mjåtveitelva, støy, universell utforming og medverknad.

Vi vurderer at våre merknader til støy, universell utforming og medverknad er følgt opp i oppdatert planforslag.

Når det gjeld vurdering og sikringa av dei nasjonalt viktige naturmangfaldverdiane i Mjåtveitelva, vurderer vi at oppdatert forslag ikkje vurderer verknaden på elvemuslingane i Mjåtveitelva godt nok jf. naturmangfaldlova § 8 og forvaltingslova § 17. Notatet er svært generelt og tar ikkje stilling til kva verknad tiltaka i dette planområdet vil/kan få på elvemuslingane i Mjåtveitelva. Notatet er heller ikkje klart på kva avbøtande tiltak som er naudsynte. Det må vurderast i plan kva verknad tiltaka kan få og eventuelt, kva avbøtande tiltak som er naudsynte.

Føresegn 6.2 c sikrar ikkje godt nok elvemuslingane i Mjåtveitelva. Omsyn til elvemuslingane i Mjåtveitelva, må sikrast i reguleringsplanen og ikkje i byggesak. Avbøtande tiltak må sikrast direkte i føresegnene.

Statsforvaltaren si vurdering er difor at planforslaget ikkje kan takast opp til 2. gongs handsaming slik det ligg føre. Vi forstår det slik at kommunen ønsker å arbeide vidare med planen. Om kommunen likevel vurderer å ta opp planen til 2. gong handsaming slik den ligg føre, må vi få tilbakemelding på dette med ein frist for endeleg uttale jf. samordna uttale datert 18.09.2019.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent